

**Tilleggsinformasjon 2:**

Spørsmål:
Kva er rutinen med brøystestikker og kven har ansvar med å plassere dei ut?
Svar:
Generelt sett vert det ikkje nytta brøystestikker langs kommunal veg. Dersom leverandøren ser behov for brøystestikker på utsette strekningar eller punkt, kan han hente brøystestikker hos kommunen og sjølv plasserer dei der det er behov.
Spørsmål:
Kan dere presisere prising av timer?
Svar:
- Det vert betalt for tida leverandøren nyttar til å køyre mellom dei kommunale vegane innad i ei rode. - Dersom brøyting og strøing skjer samstundes, vert det ikkje akseptert dobbel fakturering for timane som vert nytta til dette
Spørsmål:
Hvordan og kven sørger for strømmiddela?
Svar:
Kommunen står for innkjøp av dei ulike strømmiddela og leverer til leverandøren sitt lager. Det er leverandøren sitt ansvar å bestille levering i god tid for ikkje å gå tom.
Spørsmål:
Den 16 juli vart det lagt ut ei rekkje dokument – eit konkurransegrunnlag - på heimesida til Mercell.com. Der står det at dette er ein «åpen anbodskonkurranse», og at innleveringsfristen for anbod er 14. august 2019. Men anbodskonkuransen vart ikkje kunngjort lokalt. Ikke i lokalavisar, og ikkje på Alver eller Lindås kommune sine heimesider så vidt eg kan sjå. Eg visste ikkje om at anbodskonkuransen var sett igang før ein nabo sa det til meg 1. august, endå eg har prøvd å fylgje med på det. Fordi eg/vi vil levere anbod. Eg er ein av dei som har hatt brøyteavtale med kommunen i mange år og fram til no. Alle med brøyteavtale i Lindås, Meland og Radøy vart inviterte til erfaringsutvekslings-møte med kommunanen tidlegare i år. Der vart vi lova at vi skulle bli varsle når nye anbodspapir vart lagde ut slik at vi kunne rekne på nye tilbod. Men det skjedde først 5. august, etter at eg hadde klaga på det Den seine varslinga og manglande lokal kunngjering er kritikkverdig. Siktemålet for «Lov om offentlege anskaffelser» er å få inn mange tilbod slik at kommunen kan (skal) velge det som gjev mest effektiv bruk av samfunnets ressursar. Enkelt sagt: «mest nytte for pengane» skal velgast. Forskriften om offentlege anskaffelser (FOA) sitt krav om kunngjering på internett og «Doffin»/TED betyr sjølvsagt ikke at lokal kunngjering skal utelataast. Offentlegheitslova gjeld også! Eller vart det kanskje varsle allereide ved utlegging av anboden til enkelte, - til spesielle vener? Forskjellsbehandling i anbod er forbudt! Konkurransehindring er forbudt, og konkurransevidning til fordel for enkelte anbodsgjevarar er forbudt.
Svar:
I henhold til FOA § 21-1 skal oppdragsgiver publisere alle kunngjøringer i Doffin/TED. Dette er kunngjøringsdatabasene vi forholder oss til ved offentlige anskaffelser. Som utgangspunkt er det tilbydere selv som må følge med om det blir publisert relevante konkurranser. Alle tilbydere har denne muligheten. Ved mange konkurranser tar midlertid Lindås kommune også kontakt med aktuelle tilbydere og informerer om konkurransen. Dette gjør vi i konkurranser hvor vi ser at det kan være behov for å følge ekstra opp, som for eksempel i denne konkurransen. Det var også planlagt



LINDÅS KOMMUNE

og lovet i denne konkurransen, men ble dessverre ikke fulgt opp som følge av ferieavvikling. Det er imidlertid beklaget og reparert av kommunen ved at tilbudsfrist og spørsmålsfrist er blitt forlenget.

Når det gjelder publisering andre steder enn i Doffin og TED, som lokale medier, hjemmeside o.l. praktiseres dette ikke av Lindås kommune. Det er ikke krav til dette, verken i LOA/FOA, offentleglova eller andre regelverk.

Kunngjøring er her gjort på korrekt måte, og Lindås kommune har verken gjort seg skyldig i forskjellsbehandling eller konkurransehindring i forbindelse med kunngjøring av konkurransen.

Spørsmål:

Også innhaldsmessig finn eg at dette anbodsgrunnlaget på ein rekkje punkt er under all kritikk. Både teknisk og juridisk er det mange bestemmelser som ikkje står seg. Noko er forbudt, noko manglar (t.d. konkurranseregler, FOA § 18), her er sjølvmotseiingar, noko er fullstendig urimeleg, og noko er så politisk kontroversielt at det må i alle fall vedtakast av politikarar, og ikkje kome inn som venstrehandsarbeid frå kompetanselause makt-pretendentar i administrasjonen som ikkje forstår konsekvensane av kva dei steller istand.

Svar:

Du finner tildelingskriterier beskrevet i konkurransegrunnlagets pkt. 2.12.

Konkurransegrunnlaget har ellers innhold i samsvar med FOA § 14-1 om innhold i konkurransegrunnlaget.

Spørsmål:

Det hjelper IKKJE at anbodsgrunnlaget har med ei halv side om juridiske tolkningsreglar og rangordning som skal gjelde når det er sjølvmotseiingar/motstrid og feil i anbodspapira. Tolkningsreglane er forresten ikkje gode nok, kva skal td. komme først av lex spesialis og lex posterior i standardkontrakta punkt 2 nr 6?. Det kan variere i denne typen kontrakt. Nei, her må administrasjonen faktisk gjere jobben sin: Det må utformast ein spesifikk brøytekontrakt som er utan sjølvmotseiingar pr. dato. Administrasjonen må då stryke ei rekkje punkt i kommunen sin «standardkontrakt», og i dei andre anbodsdokumenta, og ein del andre punkt må endrast.

Sjølv sagt!! Eller er det kanskje meininga at alle leverandørane skal vere bunden i 5 år, investere millionar i utstyr, og gå kvar dag i angst for at kommunen kan sei opp brøytekontrakten utan grunngjeving med 30 dagars varsel, slik det står i standardkontrakta pkt 15.2?? Neppe. Så makkat og urimeleg føydalherre mistenker eg ikkje den/dei innkjøpsansvarlege for å vere. Eller?

Svar:

Når det gjelder kontrakt så benytter vi en standard tjenestekontrakt. Denne benyttes også av Bergen kommune. Kontrakten er vurdert til å være balansert i fordeling av risiko mellom oppdragsgiver og leverandør, men siden det er en mal er den ganske generell i utforming og det er selvsagt alltid rom for forbedringer. Kontraktens pkt. 15.2 Avbestilling som du henviser til har klausuler som sikrer at leverandør kompenseres for tap dersom oppdragsgiver sier opp kontrakt.

Spørsmål:

1. Vinterdriftsklassifiseringa i A, B og C vegar må fjernast frå anboden.
Dokumentet «Kravspesifikasjonar» har ei presis og tilstrekkeleg formulering under punkt «Funksjonsmål». Der står: «Det skal gjennomførast tiltak som gir godt nok veggrep for de vegbrukarane som er hensiktsmessig skodd for forholda». Den formuleringa er god, og bør ståvåleine. Fordi alt anna er berre eksemplar, og varierande. Detaljkrav kan og vil føre heilt galt avsted.

Dei centimetermål og andre krava som kommunen lister opp i «vinterdriftsklasser», er direkte livsfårlege, fordi desse detaljkrava fort kan overstyre brøytaren sitt eige vett og



forstand. Det er svært mykje som spelar inn på kor tid ein bør brøyte og strø: både snøtype, iskvaliteten, tele i vegen?, veret før og veret som er meld, kvalitet på vegstrekningane med sving, bakke, skummel utforkøyring?, og type trafikk som er ventande på dei ulike strekningane, og endå meir.

Skrekkeksempel: Fylgjande krav er sett til C-vegar i «Strategi vinterdrift»: «Det strøast fortrinnsvis med saltblanda singel der is allerede har lagt seg.» Det er forferdeleg galt!! Fordi: Dersom det har vore kaldt lenge og vegkroppen er tørr eller isete + tela, og det så vert meldt veromslag med litt regn eller yr, så må brøytemannskapet ut og køyre for livet og strø før småregnet tek til. Elles frys småregnet etter kvart som det treff vegbana, og det vert så glatt at folk knapt kan stå på beina.

Som då lensmannsjentene døydde. Null friksjon berre ei kort tid er livsfårleg. Styrtregn er ikkje like fårleg, for då tinar vegbana fortare nedover enn isen frys oppover. Tenkje og vurdere, det må brøytemannskapet sjølv gjere, heile tida.

Med konstant C-standard på alle vegstrekningane i rode 1, kan vi legge ned og flytte frå Dyrkolbotn og Stusdal. På deler av vegstrekninga er C-standard vanlegvis uproblematisk (Nipo med brei og flat veg). Om onsdagar og torsdagar og dei fleste kvelder og netter er det oftast OK med Cstandard i Dyrkolbotn også. Men ikkje når dei største bussane som finst kjem med 100 ungdomar dei fleste fredagskveldane heile året året, og henter dei om sundagane. Og ikkje når leirkuleklassane kjem med bussar mandagane og reiser fredagesføremiddagane. Og ikkje når bossbilen kjem ein eller annan gong om tysdagane. I rode 2 på Romarheim (og sikkert i alle andre rodar) er det liknande problemstillingar: Det må vere fin A-køyreveg fram til bussen sin snuplass til Leitet. C-standard er ikkje trygt nok med dagens pigglause bussar, og bysjåførar som knapt nok har glattkøyringsskompetanse. Og det må vere god veg fram til gards på Romarheim når mjølketankbilen og bossbilen kjem. Elles kan brøyttestandarden sikkert vere omrent C. Dei som brøytarar der må ha både kjennskap og rett og plikt til å ivareta dei omsyn som bør takast for den alminnelege trafikk på kvar enkelt strekning.

I den veldig lange og bratte Stusdalsbrekko duger det slett ikkje med C-standard og sparsom strøing. Ikke ein gong nye piggkjettingar på alle fire traktorhjul er trygt i den bakken om C-standarden for strøing skal etterlevast strengt. Der må det strøast med jamne mellomrom medan snølaget og islaget veks, slik at litt og litt strøsand smelter fram av isdekket etterkvart som det tinast ned att. Og opp og ned går snødekket og isdekket mange gonger kvar vinter. Vi har ikkje så jamn temperatur at eit snø- og isdekke kan bli liggande her gjennom vinteren Aldri! (Motsett av innland som Voss td) Strøsanden renn vekk i bratta, i lag med rennande smeltevatn og regn. Det vert veldig dyrt for kommunen om ein ikkje tenkjer og handlar langt på forskot i Stusdalsbrekko.

Fordi det går med mykje meir strøsand og mange fleire traktortimar om ein ventar med å strø til bilar ikkje kjem seg opp bakken. Skal ein då køyre opp og ned med traktoren og strø etter kvart som strøsanden renn vekk, heilt til islaget har smelta? Eller knuse isen med piggkjettingane? Håpe på at Stusdalingane ikkje skal på jobb og at dei ikkje treng ambulanse eller brannbil før om eit par dagar?

Det vil vere ein katastrofe for oss alle i Indrefjorden om vi får ein brøyteentreprenør som blindt fylgjer detaljkrava i «Vinterdriftsklasse C» i staden for å tenkje på framkommelegheitskravet. Med lokal tilpassing og bruk av hjernen til leverandøren, kan det bli like billig (billigare) for kommunen å gje Indrefjorden eit perfekt vintervedlikehald som å gje oss tidvis uframkommeleg veg med den definerte C-standarden. Det er berre å sløyfe detalj-bestemmelsene i anbodet, og gje leverandøren/kontraktøren tillit og krav om å vurdere behovet og tiltaka sjølv. Herunder: stryk fylgjande setning i kravspesifikasjonane: «Kontraktøren skal ikkje ha direkte kontakt med publikum»

Den setningen er grenselaust arrogant og uforskamma! Så i strid med all teori om leiing og organisasjonsbygging og personalutvikling som det går an å få blitt. Men skriv gjerne at dersom nokon klagar på brøtinga/strøinga direkte til kontraktøren, så skal dei også straks få telefonnummeret til vakthavande i kommunen,

**Svar:**

Vinterdriftsklassifisering er i samsvar med Statens Vegvesen sin klassifisering. Det er nasjonalt vanlig med denne klassifiseringen, og den er tilpasset Alver kommune. Dette er gjort for at kommunen skal ha noen kriterier i sammenheng med byggherrekontollen. Det er lov å bruke vett og forstand i utføringen av vinterdriften. Viss roden har spesielle utfordringer som f.eks. rode 1, så må det beskrives i vinterdriftsplanen. Vi viser til «Strategi vinterdrift Alver kommune» under kap. «Kommentarar til utløsende standard» : «....Over en vegstrekning kan tilhøva variere en god del med omsyn til snømengder og vegen sin geometri. Snømengdene i standarden er difor ein målsetning, det forutsettast at den som har ansvar for brøytinga nyter sitt skjønn i tillegg.»

Når det gjelder klager på vinterdriften og kontakt med publikum; her er meningen at innvendinger og klager skal rettes til kommunen og ikke belastes brøytemannskapet.

Spørsmål:

2. Krava om frontmontert plog og tallerkenspreiar for strøsand i kravspesifikasjonane må fjernast. Alternativt: Skriv inn under utstyrskrava at det kan leverast pris på alternative løysingar Kravspesifikasjonar skal i fylgje FOA § 15 som hovedregel berre vere krav til tenesta sitt innhald.

Det skal stillast funksjonskrav, til resultat, og ikkje krav til spesielt utsyr eller ein bestemt prosess. Hugs at oppdragsgjevaren skal stille seg fri til å vurdere ulike løysingar og ulike metodar for å oppnå den «mest effektiv bruk av samfunnests ressurser» som det står i formålsparagrafen til lova.

Med dei nye utstyrskrava som no er teke inn i anbodsgrunnlaget, må vi i rode 1 ha to traktorar i dagleg drift i staden for ein slik som no. To traktorar vert dyrt for kommunen uansett kven som får anbodet. Vi må kjøpe nytt og dyrt utstyr. Anbodsprisen doblast? Utan at resultatet vert betre. På rode 1 må vi bruke frontlastar dagleg i lange periodar, på grunn av at snødjupna kan vere opp mot 3 meter, og nesten heile vinteren er mellom 1-2 meter. Difor må vi stadig løfte snøen opp og vekk, til dømes når vi skal grave snøen vekk frå strøsandhaugen, komme oss ut i hjørner, og rydde snø på trange stader til dømes. Ein gong målte vi 70 cm nysnø som kom mellom kl 24.00 og 05.00. Då måtte vi frese snø på lavt lavgir med fronlastaren delvis nedsenka for å komme oss framover, for traktor-buken sto i snø. Frontlastar utelukker at vi kan ha skjær eller plog framme. Så då må snøskjær eller fres henge bakpå. Å strø her vi i alle år gjort med lasteapparatet. Sjåførane lærer fort korleis dei kan strø svært tynt og jamnt med det. Vi brukar ca 1 tonn kvar gong vi strør heile Dyrkolbotn (Det må strøast tjukkare utsette stader når det kjem ein pigglaus langbuss eller dobbeldekkar buss). Vi brukar også ca 1 tonn strøsand når vi strør i Nipo, men der er det sjeldannaude synt å strø pga fin og brei veg, lite trafikk og flinke sjåførar med 4-hjulstrekkarar. Jaudå, likevel kan det nok hende at kommunen kan spare inn eit par hundre kilo strøsand for kvar runde, hvis vi tek til å bruke tallerkenspreiar i staden for lasteapparatet. Men 1 tonn med strøsand kostar under 300 kr. Så innsparinga vert kanskje ein 100-lapp på kvar runde? Den vesle innsparinga vert for ingen ting å rekne i forhold til ekstraautgiftene til ein ekstra traktor, og nye reiskap i 100.000 kroners-klassen, og anslagsvis 1/4 ekstra traktor-time pr strørunde. Kjempedyrt vert dette kravet å innarbeide i anbodsprisen.

Strøsand er berre tilsett koksalt (NaCl), så den skadar ikkje plantar og dyr. Dyr likar salt, og her veks plantane og trerentingane så det sprutar langs komunevegane. Miljøomsyn er altså ikkje eit argument for tallerkenspreiar. Tvert imot. Klimabelastninga (ved direkte utslepp + produksjon av ekstra traktor og utstyr) auker mykje på grunn av krava om frontmontert plog/skjær og tallerkenspreiar, slik det er forklart ovenfor.

Men kanskje kommunen har tenkt at brøytinga kan gjerast billegare med eit lastebil-liknande køyretøy med skjær foran og tallerkenspreiar bak? Ja, på enkelte dagar med enkle forhold kan dei sikkert det. Nokre minutt kan sparast på transportetappe mellom komunevegbitane våre. Og nokre minutt kan sparast i Nipo på den fine vegen der. Men ikkje på dei andre vegstrekningane. Og skal kommunen betale for kvar gong strøsandhaugen skal



gravast fri for snø? Eller betale for hentig av strøsand andre stader? Og betale når traktor med med lasteapparat iblant må hentast?

Kanskje grave for hand? Eg trur det vert mykje dyrare for kommunen å ha si «moderne» løysing, fordi det blir så mykje tilleggsarbeid om ein brukande vegstandard skal oppretthaldast. Kommunen sitt hovedproblem no er at kommunen ser ut til å ha bunde seg til å velge lavaste timepris, men ikkje har definert opp kor mange timer (kva slags timer) det skal betalast for. I alle fall definert for svakt og kan prosederast på av ein leverandør. Ein redningsplanke kan vere å straks supplere anbods-materiellet med ein setning om at det skal ikkje betalast for transportetappar mellom rodar.

Svar:

Vi viser til VD rapport nr. 52 som omhandler Optimal vinterdrift og ulike typer kontrakter: 1) resultatbaserte kontrakter, 2) Driftkontrakter, 3) Kravbaserte kontrakter med varierende byggherrestyring, 4) Byggherrestyrte kontrakter. Rapporten anbefaler kontraktstype 3) Kravbaserte kontrakter med varierende byggherrestyring, der man kan settes spesifikke krav til utstyr, metoder og utførelse, og der det er mulig med direkte styring av aktiviteter, og i ytterste konsekvens styre når tiltakene skal iverksettes. Uansett er det kommunen som velger om kontrakten skal være funksjonsbasert (resultatbasert) eller i andre enden direkte byggherrestyrt.

Når det gjelder hva timeprisen skal inneholde kan vi være mer spesifikke. Dette vil vi legge inn som tilleggsinfo i Mercell.

Spørsmål:

3. Det må krevast samtidig køyring i rodene, og nok køyretøy og folk til gjennomføre det. Det er mogleg å halde komunevegane i Rode 1 åpne med berre ein traktor. Men i såfall må traktoren ofte køyrast konstant utan pause i fleire dagar i strekk, unntake ein pause midt på natta. Ein full rydderunde på rode 1 med berre ein traktor, tek om lag 4 timer. Før det har gått 4 timer, vil vegen ofte vere uframkommeleg igjen der brøytinga starta opp. Difor må det då prioritast hardt for å halde vegen framkommeleg der det krevst mest. Når bussane er ventande, må brøytaren stå klar med heilt nybrøyta/nystrødd veg til bussen har både kome seg opp og reist att. Det kan gå sterkt ut over Nipo... Difor har vi vore glade for å ha fleire traktorar/sjåførar som kan køyre samstundes, og å ha Tore Stusdal som underentreprenør på Stusdalsvegen med sin traktor.

Eg tenker at den som tilbyr fleire traktorar og sjåførar på rode 1 bør få nokre ekstrapoeng i anbodskonkurransen. Men for å oppnå reell konkurranse, så tenker eg likevel at kommunen skal akseptere at ein leverandør tilbyr berre eit køyretøy som er øyremerka spesielt for rode 1. Men det må ikkje aksepterast noko mindre enn ein øyremerka traktor som er i øyeblikkeleg beredskap, og fysisk befinn seg på rode 1.

Eg ser at dei andre rodene i bygda vår – Romarheim og Vikanes – er slegne i lag til ein rode: rode nr 2. Ein rydderunde som omfattar begge bygdene, tek om lag 5 timer. I tillegg kjem køyring mellom bygdene (ca 20 minutt med nyaste stor-traktor med piggdekk, eller 10 minutt med lastebil). Over 5 timer mellom kvar gong brøyting skjer på ein gitt stad, er alt for lenge når det gjeld Indrefjorden. Snømengda i heile Indrefjorden er vanlegvis mykje større enn ute i fjorden. Vinteren 2018-2019 hadde Romarheim faktisk meir snø enn Dyrkolbotn til slutt. Difor må det stillast krav om to brøytekøyretøy som kan køyre samstundes på rode 2 – ein traktor plassert i kvar av grasdene Romarheim og Vikanes. Då bør vel også leverandøren tilbydast to beredskapsgodtgjersler – ein for kvar traktor med tilhøyrande utstyr og strøsandlager og liknande. Enkelte vintrar kan det vere svært lite brøyting i rode 2, medan andre vintrar er det svært mykje, så investering i brøyteutstyr er ein stor risiko dersom alt utleget til ein traktor skal hentast inn att gjennom timefakturering. Såleis er risikoen større på Romarheim og Vikanes enn i Dyrkolbotn. For i Dyrkolbotn snør det alltid mykje kvar vinter (oftast regnar det vakk ein heil del snø også, men det forandrer ikkje



LINDÅS KOMMUNE

på saka). Så i Dyrkolbotn er risikoen liten for å ikkje få noko arbeid og betaling som kan gå til dekning av traktoren. Bør ikkje risikoen for null i timeinntekt på ein traktor reduserast med beredskapstillegg?

Svar:

Dette må beskrives i vinterdriftsplanen som er poenggivende i sammenheng med vurderingen av tilbudene.

Spørsmål:

4. Der bør vel takast med at siste bakken opp til Dyrkolbotn Fjellstove også skal brøytaast? Slik har brøyteavtalen med kommunen vore praktisert i alle år. I tillegg har kommunen betalt for ekstra utbrøyting av parkeringsplassar ved vatnet og på «ballbana» vår før store skiuftartshelger. Dette er ei spesialordning fordi fjellstova yter tenester vederlagsfritt til offentlegeita. Fjellstova held hus for diveres bosskontainrarar for kjeldesortering for både oss og naboar. Her står dei under tak og bossbilen kan køyre heilt inntil dei. BossSpann ute forvinn fort i snøen og vinden her. Fjellstova har også gronda sine postkassene under tak, inkludert raud postkasse. Leirskulen er eit skuletilbod som er pålagt etter lova, og som vert drive i samarbeid og med overoppsyn frå kommunen. Halvoffentleg kan vi kanskje kalle det? Her er også andre opplegg for skuleelevar. Telenor har sentralar og antenne her. Og toaletta våre er gratis tilgjengelege for både postbod, turfolk som går forbi, klassar på «skidag» i nærleiken, og alle andre som kjem innom.

Svar:

Så lenge dette ikke er kommunal veg, så har vi ikke hjemmel til å dekke utgiftene til brøyting og strøing her.

Spørsmål:

Punkt 6.12 om teieplikt i standardkontrakten er ulovlege/misvisande. Forvaltningslova sine teiepliktreglar gjeld for kommunen. Henvis til dei, og utdjup dei og forklar dei i staden.

Svar:

Dette medfører ikke riktighet og punktet opprettholdes.

Spørsmål:

Stryk ordet «elektronisk» i punkt 2.1 i «administrative bestemmelser». Punkt 2.1 gjeld «Fakturaens innhald». Desse krava gjeld jo anten fakturaen er på papir eller elektronisk format, så ordet «elektronisk» har ingen ting i dette punktet å gjere. Eller er adjektivet «elektronisk» teke bevisst inn, som eit forsøk på snikinnføring av eit straffemetode som kan brukast mot den ein vil? Dersom kommunen – mot formodning - meiner at det skal vere eit vilkår for å få betalt for tenester at leverandøren skriv rekninga si i «EHF», så må kommunen sei det tydeleg og beint ut. Og det må politisk vedtakast. For dette er eit krav som vil hindre ei rekkje små og lokale leverandørar frå å yte tenester til kommunen. Eit EHF-vilkår har betydeleg samfunnsverknade og er difor ei politisk avgjerd. EHF-rekning i ettertid forbetrar ikkje sjølv tenestea, så vilkåret er difor berre ein handelshindring og ein usakleg fordel for store og «profesjonelle» tilbydarar. Eg meiner at EHF-vilkår er i strid andre vikge overordna rettsprinsipp.

Kommunen er IKKJE lovpålagt å berre betale ut etter EHF-rekningar. Det er i tilfelle eit val som kommunen sine politikarar må bestemme seg sjølv for å gjere. Dei digitaliseringsoverkåte lyg når dei påstår at EHF er eit lovpålagt vilkår for betaling av tenester til det offentlege.

Så Lindås kommune: Stå oppreist, tenk sjølv og ver tydeleg i språk og skrift!

Jussen er slik: Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtok i april i år ei forskrift som heiter «Elektronisk faktura i offentlege anskaffelser». Der står det at offentlege organ SKAL kreve EDH-format på rekningar. MEN det står ikkje at strafka for å levere rekning på papir eller i PDF-fil skal vere at leverandørar skal nektast å få si betaling. Der står «KAN» i § 5 i forskrifta. Kommunen bryt altså ikkje forskrifta om dei betalar rekningar som dei har fått på papir.



Juridisk kan det også seiast slik: Misleghaldsbeføyelser (konsekvensar) fylgjer ikkje automatisk av misleghald (då skulle vi alle fått mykje meir straff) Misleghaldsbeføyelser og straffereaksjonar skal vedtakast særskilt. Altså: Sanksjonering (nekting av å betale) fylgjer ikkje automatisk av eit regelbrot angåande EHF. Dessutan er digitaliseringssminister Astrup på tynn is med heile forskrifta si. Fordi krav om EHF-format kan sjåast på som eit konkurransehinder for små aktørar. Og konkurransehinder er ulovleg etter sjølve lova. Prøvar Astrup å dytte kommunar framfor seg i ein tvilsam praksis med å tvinge fram digitalisering? Slik at kommunen og ikkje Astrup må ta jobben – og nederlaget - med ein eventuell rettsak nasjonalt eller internasjonalt? I alle fall er dette politisk så det held, og ikkje ein ting å snikinnføre i ein uryddig brøyteambodsprosess.

Svar:

Når det gjelder pkt. 2.1 i «administrative bestemmelser» så er der en lenke til Lindås kommunes nettside for «Faktura og rekningar». Her står det beskrevet hva du kan gjøre dersom du ikke kan levere fakturaer i EHF-format.